

## Veteranane konstituerar seg på Solheim

10.01.2012



Veteranar samla til frigjeringsmarkering på Solheim (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tysdag 24. januar blir det eit bokstaveleg tala historisk møte på Solheim Turiststasjon. Då skal det haldast konstituerande møte i ei lokalforening for veteranar frå internasjonale operasjonar, som har vore planlagt sidan frigjeringsdagen vart arrangert av kommunen 8. mai i fjor. Ei registrering viste at rundt 100 frå distriktet hadde tenestegjort utanfor grensene våre.**

Foreningen blir ikkje minst danna fordi mange slit med verknadane av tenesta lenge etterat dei har kome heim.

Difor er det viktig at dei kan samlast i ein forening og ha det kjekt og sosialt saman. Det er gjort forgjeves freistnadar på å skipa denne to gonger før og då med Odda som base. No blir altså Uskedalen tyngdepunktet.

Nokon har hatt traumatiske opplevingar anten dei har vore i Gaza, Libanon, Korea, Afghanistan eller Balkan og dei har trong for å snakka med andre om det. Å ta dei opp heime eller på arbeidsplassen er gjerne ikkje så enkelt.

Det kjem ein representant for forbundet til Solheim.

Av Ola Matti Mathisen